

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.: 120652/2021 - 2020/99782

Deres ref.:
Dato: 26.02.2021

Nore og Uvdal kommune og Hol kommune - Godfarfoss kraftverk - Høyering - Detaljplan for miljø og landskap - Mellombels uttale til kulturminneomsyn

Me syner til dykkar høyring med detaljplan for endringar ved Godfarfoss kraftverk.

Bakgrunn

Me syner og til møte i teams den 23.02.2021 gjeldande tilhøvet til kulturminne og gjennomgang av Viken kulturarv si vurdering i saka.

Ber om utsett frist for å gjennomføre arkeologisk registrering

I medhald av kulturminnelova sin §9, 2. ledd har fylkeskommunen inntil 4 mnd. uttalefrist i saker som rører ved freda kulturminne (3 + 1 mnd.). I denne saka treng me utsett høyringsfrist til **1. juli** dersom NVE og tiltakshavar aksepterer vårt registreringskrav raskt nok til at me kan gjennomføre den naudsynte registreringa.

Ei slik registrering kan berre gjennomførast på bar og frostfri mark, noko ein ikkje kan forvente i dette området før tidlegast midten av mai. Dersom det likevel skulle la seg gjennomføre før, vil me prioritere dette. Dersom det er tilfellet vil me truleg og kunne svare i saka tidlegare.

Me ber derfor Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) om å gi Viken fylkeskommune utvida høyringsfrist til 1. Juli 2021 i høve til automatisk freda kulturminne. Me må ha tilbagemelding frå NVE om dette kan aksepterast, så raskt som mogleg, og helst innan 9. mars. Fylkeskommunen har høve til å søke Riksantikvaren om utvida høyringsfrist dersom NVE ikkje aksepterer vårt forslag. Det er då opp til Riksantikvaren å avgjera om fylkeskommunen får utvida høyringsfrist. Alternativt, dersom fylkeskommunen ikkje får gjennomført ei arkeologisk registrering, og dermed ikkje har grunnlag til å uttale seg om kulturminneomsyn, vil vi måtte fremme motsegn.

Omsyn til arkeologiske kulturminne

Me har per no ikkje kjennskap til om det ligg automatisk freda kulturminne innanfor dei nye tiltaksområda i detaljplan for Godfarfoss kraftverk. Me kjenner derimot til ein relativt stor tettleik av arkeologiske kulturminnelokalitetar tett på området, i reguleringssona til Pålsbufjorden. Eksempel på dette er; Id 179431 med funn av ei skaftholøks, Id 109457 der det

KULTUR Seksjon for arkeologiske kulturminner

Postadresse: Postboks 220, 1702 SARPSBORG
Besøksadresse: Galleri Oslo Schweigaards gate 4, 0185 OSLO
Telefon: 32 30 00 00

E-post: post@viken.no
Internett: www.viken.no
Org.nr.: 921693230

er funne ein flateretusjert pilspiss i flint, mogleg bergkunstlokalitet Id 109432 og flater med fleire funn av både flint- og kvartsittavslag og kokstein ved Id 109419 og 109464. Lenger nord, ved Viken, skal det og ligge ei gravrøys. Desse spora er alle prov på at området har vore i bruk over lange tidsrom av førhistoria. Det er potensial for å påvise spor frå spesielt steinalder i området. Sjå vedlagt prosjektskilddring for meir detaljer.

Krav om arkeologisk registrering

Me syner til Lov om kulturminne §§ 8 og 9 om undersøkingsplikta ved planlegging av offentlege og større private tiltak.

Omfang og budsjett for arkeologisk registrering

Utgifter til arkeologisk registrering vil bli belasta tiltakshavar, jf. Kulturminnelova sin § 10. Vedlagt budsjett er utarbeida i samsvar med Riksantikvaren sine retningslinjer for budsjettering og gjennomføring av arkeologiske registreringar.

Arbeidet er estimert til inntil 82,5 arbeidstimar for arkeologar, med forarbeid, feltarbeid og etterarbeid/rapport. Dersom arbeidet tek kortare tid og/eller det vert sendt inn færre dateringsprøvar enn stipulert, vil kostnaden sjølvsagt og blir redusert. Normalt sett vil det ikkje vera naudsynt å nytte seg av dateringsprøvane. Dette kan me derimot ikkje vite på førehand.

Fylkeskommunen si avgjerd om omfanget av registreringane er ikkje eit enkeltvedtak, og kan dermed ikkje klagast på. Tiltakshavar kan likevel be Riksantikvaren vurdere omfanget av undersøkingane.

Me ber dykk melde frå om eventuelle endringar av planområdet eller anna som kan virke inn på kostnadsoverslaget. Ved vesentlege uføresette tilhøve kan det vera naudsynt å gjennomføra budsjettjusteringar. Slike tilhøve kan for eksempel vera:

- Utviding/innskrenking av området.
- Sesongmessige utfordringar som følge av for eksempel frost eller snø, og som sinkar arbeidet.
- Manglande oppfylling frå tiltakshavar si side av avtalte tilhøve knytt til hogst, slått/innhausting eller liknande.
- Manglande tilgang til (deler av) planområdet.

Arkeologiske registreringar krev at det er snø- og frostfritt, og kan ikkje utførast på vinteren. Ved nyregistreringar av arkeologiske kulturminne vil Viken kulturarv sjølv gjennomføra innmålinga av desse, samt utarbeida kart med kulturminna.

Me ber om at vedlagte kostnadsoverslag på inntil kr. 100 080,- blir vurdert av tiltakshavar, og at aksept vert returnert skriftleg. Me kan ikkje sette i gang arkeologisk registrering før me har motteke skriftleg aksept til e-post: bestillingfeltarkeologi@viken.no. I denne e-posten må det og opplysast om fakturaadresse.

Registreringsmetodar

Den arkeologiske registreringa vil først og fremst bli gjennomført ved hjelp av ei visuell overflaterregistrering, men supplert med prøvestikking der det er eigna til det, eller der feltarkeolog vurderer det. Prøvestikking er meir tidkrevande enn ei ordinær overflaterregistrering ettersom ein må grav prøveruter og sålde massane i desse. Sjå skildring av metodane under.

Overflatesøk

Overflatesøk er å gå systematisk gjennom tiltaksområdet for å sjå etter automatisk freda kulturminne som er synlege på overflata. Metoden medfører ingen inngrep i terrenget. Budsjettet tek høgde for registrering innanfor heile planområdet. Me vil sjølvstøtt prioritere områda som framstår som mest gunstige. Samstundes vil me gjera vurderingar av tilhøva undervegs.

Prøvestikking

Søk etter steinalderbusetjingsspor vil i hovudsak bli gjort ved prøvestikking. Med ein spade grev ein mindre prøveruter; ca. 40 x 40 cm. Rutene har varierende djupn der regelen er at ein grev til ein støter på berg eller steril undergrunn. Massen i prøverutene blir sålde for eventuelt å påvise tilverka steinmateriale, særleg flint eller kvartsitt. Denne metoden inneber kun små terrenginngrep, ettersom stikka vert fylt igjen fortløpande.

Vidare saksgang

Dersom det under registreringa syner seg å vera automatisk freda kulturminne i området, eksempelvis aktivitetsflater eller liknande frå steinalder, vil me ta kontakt med dykk for å avklare korleis ein må forhalda seg til dette. Alternativt kan enkeltminne søkjast frigjevne etter kulturminnelova sin §8, 1. ledd. Dersom det vert påvist heilt spesielle kulturminne, slik som til eksempel helleristningar, vil me truleg ikkje kunne akseptere tiltak tett på dette. Me vil då kunne fremje motsegn til planane. Me har derimot ikkje grunnlag til å sei noko om dette før me har registrert i området.

Venleg helsing

Morten Hanisch
seksjonsleiar for arkeologi

Håvard Hoftun
rådgjevar / arkeolog

Vedlegg:

- 1 Budsjett av 02.03.2021
- 2 Prosjektskildring - Godfarfoss kraftverk

Kopi til:

NORE OG UVDAL KOMMUNE

HOL KOMMUNE

GODFARFOSS KRAFT AS